



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Grete Hamre
Telefon: 57643141
E-post: fmsfgrh@fylkesmannen.no

Vår dato
23.05.2014
Dykkar dato
13.02.2014

Vår referanse
2014/646 - 461.5
Dykkar referanse

Kystverket Nordland
Postboks 1502
6025 Ålesund

Kystverket Nordland - løyve til mudring og dumping i Florø hamn

Fylkesmannen gir Kystverket Nordland løyve etter ureiningsregelverket til mudring og dumping av til saman 80 000 m³ masse i sjøen ved Florø hamn. Løyvet er gitt på nærare vilkår, og tiltaket må gjennomførast innan to år. For arbeidet Fylkesmannen har hatt med utsleppsløyvet skal det betalast eit gebyr til staten.

Vi viser til søknad datert 10.02.2014.

I samband med utdjuving av innseglinga til Florø hamn har Kystverket Nordland søkt Fylkesmannen om løyve til mudring og sprenging i sjøbotnen, og dumping av massar. Massane skal fraktast med lekter frå utdjuvingsstaden og er planlagt dumpa ved to lokalitetar: ved Stranda vest (B16/B17) og ved Perholmen vest for Fjord-Base. Det planlagde tiltaket vil omfatte ca. 80 000 m³ lausmassar og sprengstein. Arealet som skal mudrast og sprengjast er på ca. 119 400 000 m².

Med heimel i § 22-6 i forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta), gir Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Kystverket Nordland løyve til mudring og dumping i Florø hamn i Flora kommune som omsøkt. Løyvet er gitt med vilkår.

Løyvet gjeld i 2 år. Dersom tiltaka ikkje vert gjennomførte innan denne fristen, fell løyvet bort. Alternativt må det i god tid søkjast om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet

1. Mudring, sprenging og dumping skal utførast på ein slik måte at finpartikulært materiale i minst mogleg grad vert spreidd til omgjevnadene.
2. Utdjuvingsarbeidet skal startast i området der er påvist ureina sediment slik at desse massane vert fjerna før sprenging tek til. Massane skal leggjast nedst på dumpestaden Stranda vest.
3. Uttak og transport av ureina massar frå utdjuvingsområdet og plassering i dumpeområdet skal utførast på ein måte som ikkje medfører spreining av ureining. Dei ureina massane skal deretter dekkast av reine massar på ein skånsam måte. For å hindre vidare spreining av ureining, må massane til slutt dekkast til med tyngre massar.
4. Tiltakshavar skal syte for at det vert utført førebyggjande tiltak slik at oppvirvling av sjøbotn og spreining av partiklar som følgje av arbeidet, vert så liten som mogleg.
5. Arbeidet skal overvakast ved hjelp av turbiditetsmålingar på faste stasjonar før og under tiltaket.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

6. Dersom det oppstår skader på allmenne interesser som følge av arbeidet, skal tiltakshavar straks stoppe arbeidet og melde frå til Fylkesmannen.
7. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultatet av arbeidet vert presentert og vurdert i høve til dei vilkåra som er sett i løyvet. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan seks veker etter at tiltaket er gjennomført og skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har vorte mudra, sprengt og dumpa (rekna i m³ eller tonn).
 - Plassering av massane (posisjon)
 - Omtale av korleis arbeidet er utført, særskilt med vekt på ev. avvik i høve til søknad. Avvik skal grunngjevast.

Høyringsuttaler

Søknaden har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn ved administrasjonen i Flora kommune i tida 14. mars – 4. april 2014. Han har også vore send direkte til berørte naboar og andre partar med interesse i saka. I tillegg vart søknaden annonsert i Firdaposten, og han har vore publisert på Fylkesmannen si heimeside.

Det har kome inn ein uttale til søknaden.

Fiskeridirektoratet region vest

Fiskeridirektoratet krev at eit mogleg løyve tek omsyn til at slaktemerdane til Slakteriet AS blir ivaretekne på best mogleg måte. Desse merdane ligg ca. 700 - 800 meter aust for det planlagde utdjuingsområdet. Fisk vil kunne verte utsett for skadar som følgjer av sprenging under vatn og av ureina partiklar som vert virvla opp i samband med mudringa. Tiltakshavar må sjå til at det ikkje vert skade på fisk i merdane som følgje av undervasssprengingar. Fiskeridirektoratet viser til rapport frå Rådgivende Biologer AS og krev at dei avbøtande tiltaka som vert vurderte i rapporten, vert lagt til grunn for utføring av tiltaket.

Kystverket Nordland sin merknad til uttalen:

Kystverket har planlagt å samarbeide med Slakteriet AS for å ordne det slik at merdane er tomme eit par dagar medan dei sprengjer i det nærmaste området. Når det gjeld resten av arbeidet har dei ikkje tidligare nytta spesielle tiltak ved så lang avstand (ca 700 m). I rapporten til Rådgivende biologer skriv dei om dobbel sikring, noko Kystverket ikkje har høyrst om tidligare.

Grunngjeving for avgjerda

I samband med utdjuing av innseglinga til Florø hamn har Kystverket Nordland søkt Fylkesmannen om løyve til mudring og sprenging i sjøbotnen, og dumping av massar. Føremålet med tiltaket er å auke tryggleiken i farleia inn til Florø hamn. Tiltaket vil i tillegg leggje til rette for at større fartøy og oljeriggar skal kunne kome inn i hamna t.d. for reparasjon. Tiltaket vil vere naudsynt for å kunne oppretthalde og vidareutvikle Florø som stamnetthamn, og for å styrkje den langsiktige verdskapinga i regionen.

Massane skal fraktast med lekter frå utdjuingsstaden og er planlagt dumpa ved to lokalitetar: ved Stranda vest (B16/B17) og ved Perholmen vest for Fjord-Base. Det planlagde tiltaket vil omfatte ca. 80 000 m³ lausmassar og sprengstein. Arealet som skal mudrast og sprengjast er på ca. 119 400 000 m².

Området det er søkt om for mudring og sprenging i Florø hamn og dumping ved Stranda Vest, høyrer inn under vassførekomst 0281010900-2-C Florevika Gaddevågen. Dumpeområdet ved Perholmen høyrer til vassførekomst 0281010900-1-C Botnafjorden (www.vann-nett.no). Vasstypene er karakteriserte som beskytta kyst / fjord. For Florevika

Gaddevågen er den økologiske tilstanden antatt dårleg, og kjemisk tilstand er ikkje definert. For Botnafjorden er økologisk tilstand antatt god, medan kjemisk tilstand ikkje er definert.

Mudreområdet:

Multiconsult AS gjennomførte i september 2012 ei miljøteknisk undersøking av botntilhøva ved innseglinga til Florø, og har i rapporten beskrive området der søkjar ønskjer å mudre og sprengje. Dykkarundersøkingar syner at det er lite lausmassar i utdjupingsområdet. Det er påvist ureining med kopar i tilstandsklasse IV (dårleg) og benzo(a)pyren og PAH 16 i tilstandsklasse III (moderat) i sjøområda lengst aust. Det er lite finstoff i sedimenta, men ureiningsnivået tilseier at mudringsmassane må handterast som ureina massar. Dei ureina sedimenta må difor fjernast før sprengingsarbeidet tek til. Det vil vere fare for spreining av ureining når massane skal fjernast, så det må iverksettast tiltak for å hindre dette.

sedimenta i sjøområdet lengst vest viser undersøkinga at påvist ureining blir vurdert til å utgjere ein ubetydeleg økologisk risiko, dvs. at sedimenta vert sett på som reine. Det er også her svært lite finstoff i sedimenta. Eventuell oppvirvling og spreining av partiklar vert difor vurdert til å vere av lokal karakter. Det vert difor ikkje sett på som naudsynt med iverksetting av tiltak i denne delen av utdjupingsområdet.

Dumpeområde Stranda Vest:

Stranda vest (B16/B17). omfattar eit areal på om lag 14 000 m² og vert klassifisert som eit «mellomstort» tiltak. Sidan analysar i høve miljøgifter syner overskriding av grenseverdi for PAH-stoff, har Fishguard Måløy utført ei forenkla risikoanalyse trinn 2 for den planlagde utfyllinga. Gransking av naturressursar viser at det ikkje er sårbare eller trua arter i eller i nærleiken av området det er søkt om. Det var dyr i alle dei undersøkte botnprøvane, og det er mykje makroalgar i området. Det er stor avstand til nærmaste verneområde.

Risikoanalysen viser at suspensjonsskya ved dumping av stein sannsynlegvis vil stige til ca. 4-5 meter over botn. Rekkevidda vil vere på ca. 10 meter. Den miljømessige effekten vert vurdert til å vere akseptabel også ved 5-dobling av influensområdet. Spreiingsanalysar tilseier at resedimentering ikkje vil bidra til auka konsentrasjon av PAH.

Det vert i rapporten ikkje vurdert som naudsynt å setje i verk spesielle tiltak i samband med utfyllinga, men det vert tilrådd å overvake spreining av partiklar vha. turbiditetsmålingar på faste stasjonar både før og under tiltaket.

Dei ureina massane som vert fjerna frå utdjupingsområdet er planlagt plassert nedst i fyllinga. Arbeidet med å overføre, leggje ut og dekke til desse massane må utførast så skånsamt som mogleg for å hindre spreining av ureining. Ein positiv konsekvens av tiltaket vil vere at utfyllinga vil vere med på å stabilisere dei ureina sedimenta slik at omfanget av diffusjon og bioturbasjon vil bli redusert til eit minimum.

Dumpeområde Perholmen:

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det finst særskilte ureiningskjelder ved tiltaksområdet ved Perholmen.

Tilhøve til vassforskrifta og naturmangfaldlova:

Ut frå opplysningane som er gitt i samband med søknaden, vurderer vi dei miljømessige ulempene ved tiltaket som relativt små. Fylkesmannen finn heller ikkje at tiltaket vil vere til

vesentleg skade eller ulempe for miljøet i høve til føringane som ligg i vassforskrifta og naturmangfaldlova.

Merknader til høyringsuttale:

Fylkesmannen har gått gjennom høyringsuttalen frå Fiskeridirektoratet og merknaden frå Kystverket. Vi vurderer påverknad på slaktemerder og vassinntak til å vere av privatrettsleg karakter. Dersom dei avbøtande tiltaka vert gjennomførte som skisserte, skulle ikkje noko tilseie at det med gjeldande vilkår ikkje kan gjevast løyve til mudring av sjøbotnen og dumping av massar i Florø hamn.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Som varsla i e-post frå Fylkesmannen dagsett 05.03.2014 vert gebyret for handsaming av søknaden plassert i gebyrsats 4, jf. ureiningsforskrifta § 39-3 og § 39-4.

Det har ikkje kome merknad til varslet og vi vedtek med dette at Kystverket Nordland skal betale eit gebyr på kr 20.600,-.

Dersom vi ikkje får merknad til vedtaket innan tre veker, vert faktura for innbetaling til statskassa send frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Endring eller attendekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet og ev. trekkje løyvet attende etter reglane i ureiningslova § 18.

Ansvar

Sjølv om det er gitt løyve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova. Dette løyvet frittek ikkje søkeren å hente inn naudsynte eller samtykkje frå andre styresmakter eller privatpersonar.

Offentleggjing av løyvet

Ålmenta skal gjerast kjent med vedtaket jf. ureiningsforskrifta kap. 36 «behandling av tillatelser etter forurensningsloven» § 36-11. Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykkar rekning. Kunngjinga vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld også vedtak om gebyr for sakshandsaminga. Jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Grete Hamre
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjord Base AS, Postboks 323 6901 Florø
Eilif Døsen, Østre hopsvegen 32, 5232 Paradis
Marit Døsen, Egdavegen 7, 5519 Haugesund
Steinar Ove Døsen, Kontikivegen 3, 5519 Haugesund
Sparebanken vest, Postboks 7999, 5020 Bergen
Øystein Hjertenes, Eikedalen 12, 6900 Florø
Else marie Kirkhus, kolkaia 3, 6900 Florø
Leif Stavøstrand, Livius Smittigate, 6900 Florø

Kopi pr. e-post til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Fiskeridirektoratet
Flora kommune
Kystverket